



Vår dato:

03.05.2022

Vår ref:

2022/3055

Dykkar dato:

10.03.2022

Dykkar ref:

21/00127

Klepp kommune  
Postboks 25  
4358 Kleppe

Kontakt saksbehandlar  
Helene Medhus Skedsmo, 51568821

## Høyringsinnspeil - temaplan landbruk 2022 - 2033 - Klepp kommune

Me syner til brev av 10.03.22 der temaplan for landbruk i Klepp kommune vert send på høyring, med høyringsfrist 10.05.22.

---

**Klepp kommune har på ein god måte klart å setje landbruket på dagsorden. Landbruket har ei viktig rolle i kommunen, og planen får fram kva landbruket bidreg med av positive funksjonar. Planen set også lys på kva utfordringar det er innan landbrukssektoren, opp i mot omsyn som naturverdiar, klima og miljø. Planforslaget syner koplingar frå viktige nasjonale føringar og FN sine bærekraftmål, via regionale føringar og til lokale delmål og handlingsplan. Planen er skreve i eit språk og i ein form som gjer han tilgjengeleg og forståeleg. Planen er eit godt dokument kommunen kan vere stolt av, som med nokre justeringar etter høyringa vil bli ennå betre.**

---

### Lovgrunnlag

Ein tematisk kommunedelplan har heimel i plan- og bygningslova § 11-1, 3. ledd:

*«Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.»*

Det vil seie at reglane i plan- og bygningslova kap. 11 kring prosess, innhald mv. gjeld også for ein tematisk kommunedelplan. Arbeidet med temaplan landbruk spring ut av Klepp kommune sin planstrategi frå 2020, der det gjekk fram at revisjon av temaplan landbruk skulle reviderast. Gjeldande landbruksplan vart vedteken i 2015. Som del av prosessen har det vore arbeidsmøte med hovudutval for samfunn og kultur og tre dialogmøte med ulike aktørar/interesseorganisasjonar, og no er planen på offentleg høyring som siste ledd i prosessen etter plan- og bygningslova.

3 veker etter at landbruksplanen vart send på høyring, blei kommuneplanen lagt ut på offentleg ettersyn, også arealdelen. Statsforvaltaren vil kome med eigen uttale til kommuneplanen, men me har merka oss at nokre av problemstillingane kommunen tek opp i landbruksplanen er følgd opp



med føresegner og retningsliner i kommuneplanen sin arealDEL, noko som er bra og i tråd med våre generelle anbefalingar – nemleg å få ting inn i den juridisk bindande arealdelen med føresegner.

### Innleiingsvis og om plandokumentet

Me vil rose Klepp kommune for eit solid stykke arbeid. Plandokumentet er eit flott og godt dokument å lese, og det får fram viktige fakta om landbruket og landbruksnæringa i ein av dei viktigaste landbrukskommunane i Noreg. Det blir presentert utviklingstrekk og statistikk og peika på utfordringar. Det er positivt at det er gjort ei evaluering av måloppnåing/effekt av dei 10 hovudmåla i handlingsdelen til nogjeldande temaplan. Det er gjort både i eit eige notat, men også presentert via ein trafikklysmodell innleiingsvis i sjølve plandokumentet.

Som nemnd over ser me at det er fleire døme på at det er føresegner og retningsliner og andre planverktøy som omsynssoner som er brukt i forslaget til kommuneplanen si arealDEL. Me har forståing for at ikkje alt kan vere heilt samordna i slike store prosessar, men det hadde letta arbeidet litt om det i landbruksplanen hadde vore synt til nokre av desse verkemidla. Til dømes er det ikkje under kapittel Natur og klima, Vatn og vassdrag, synt til bruk av omsynssone vassdrag med tilhøyrande retningsline med krav til kantvegetasjon med vidare. Det er fleire døme på slike ting som kunne vore «kopla», til dømes at kommunen no tek inn omsynssone for karbonrike areal.

Planen har totalt 6 kapittel, men konsentrerer seg om 3 hovedtema:

- Produksjon og ressursgrunnlag
- Samfunn og kulturlandskap og
- Natur og klima

Planen har eit handlingsprogram, jf. pbl. § 11-1, 4. ledd. Det gjeld for perioden 2022-2025 og skal reviderast årleg. Her er mål, tiltak og plan for korleis ein skal måle effekten/følgje utviklinga for dei enkelte deltema. Dei er skrive i eit språk og i ein form som gjer det enkelt for alle å forstå.

I tillegg inneheld planforslaget kommunale retningsliner for SMIL- og NMSK-ordningane.

—•—

Statsforvaltaren vil gje merknader til planforslaget ut i frå dei sektorinteressa me er satt til å ivareta tematisk i tråd med planforslaget si kapittelinndeling under:

### Produksjon og ressursgrunnlag

68 % av landarealet i Klepp er fulldyrka jord, og av dette går det fram av planen at 80 % av jorda blir nytta til produksjon av gras til dyrefor, men at det er gode produksjonstilhøve og areal i særklasse, slik at tilhøva ligg godt til rette for auka produksjon av korn, potet, grønsaker og bær.

Under dette kapittelet blir det peika på utfordringar og viktigeita ved eit sterkt jordvern. Her er ei kopling til kommuneplanen si arealDEL der jordvernsmålet skal bli sett. Me vil kome med eigen uttale til denne. Det er også peika på kor viktig det er å ha god beredskap knytt til dyre- og plantesjukdommar, og dette kjem også fram med eigne punkt i Handlingsdelen.

### Økologisk landbruk

Det er positivt at Klepp kommune er merksam på det låge talet på økologiske føretak og ønskjer å stimulere til fleire. Planen skildrar tilstanden, men har svakheiter med å skildre korleis framtida skal



sjå ut. Me saknar meir konkret formuleringar enn «å motiverer til omlegging til økologisk produksjon» og konkrete mål (tal-mål).

Økologisk landbruk bør skildrast som ein del av løysinga for å møte utfordingane knyta til intensiv konvensjonell drift (jf. pkt. 5.2 Natur og klima). Ved å la vere å bruke kjemisk plantevern og kunstgjødsel, kan det leggjast til rette for større artsmangfald, som til dømes pollinerande insekt, over jorda og mikroorganismar i jorda. Økologisk landbruk, og også regenerativt landbruk (dersom ein ikkje nyttar kjemisk plantevern og kunstgjødsel), i kombinasjon med tiltak på kant-sonar og anna areal vil kunne bidra til ein positiv utvikling av økosystemet, med andre ord auke artsmangfaldet.

#### Skog, juletre og pyntegrønt

Det er positivt at skog, juletre og pyntegrønt er løfta fram i eige avsnitt i planen. Avskoging er ein av hovudutfordingane for naturmangfaldet og klima, og at de ynskjer å oppretthalde skogareala gjennom å oppmoda til planting etter hogst er bra og naudsint. Skogsatsinga bør sjåast i samanheng med kravet i skoglova om planting innan 3 år etter hogst, slik det står i forslag til NMSK-strategi som er vedlegg til landbruksplanen. Mange stader kan det eigne seg å plante lauv, men i vind- og vêrutsette område er det viktig med treslag tilpassa staden, slik at skogen klarer å etablere seg og vekse.

Av meir spesifikt innspel føreslår me at det etter omtalen av planteskog og sitkagran kunne hatt inn følgjande opplysning: «I dag er Sitkagrana ei svartelista fremmedart med høy risiko for spreying, og treet har overtatt fleire områdar meint for stadeigne trær og busker.»

#### Slik gjer me det

Strategien for å ivareta skogareala kan gjerne i større grad ta opp i seg det de ynskjer å få til gjennom tiltaka i handlingsdelen og NMSK-strategien. Det kan til dømes gjerast ved å utvide ordlyden i strategien til å omfatte ein eller fleire følgande strategiar; bevisstgjera skogeigar til å sjå verdien av skogen, informere om lovverk, foryngingsplikta og tilskot, auke kunnskap om skogen sin rolle for klima og naturmangfald, eller motivere til aktivitet på hogstflatene.

#### Utfordingar

Under «utfordingar» kunne det også ha vore eit kulepunkt om at «Det blir stadig auka press på restareal av naturområde og ekstensivt drifta mark».

#### Samfunn og kulturlandskap

Tematikken bruksrasjonaliseringar blir omtala under dette kapittelet, og det er ei sakstype det er mange av i Klepp kommune, som me er godt kjend med via enkeltsaksbehandling etter plan- og bygningslova og jordlova. Det er det fint at tema og utfordingar vert tatt opp her i denne temaplanen, og me ser at det er tatt inn konkrete tiltak i handlingsplanen også her. Forslaget om å vurdere og opne for å kunne oppføre garasje/uthus større enn 50 m<sup>2</sup> som erstatning for rivne driftsbygningar er interessant, og eit konkret forslag inn under eit tema som fekk svak måloppnåing i førre plan, jf. evalueringa (redusere tal tomme driftsbygningar). Også her er det ei kopling mot kommuneplanen sine føresegner, og me vil kome med innspel til desse konkret i eigen uttale.

#### Bonden og innbyggjarane

Det er positivt at det er framheva at bevaring av restareal er viktig, både av omsyn til naturmangfaldet og som friområde for turfolk, skuleelevar og barnehagebarn. Omgrepene «ufriserte» friområde kan med fordel endrast til «naturlege rekreasjonsområde». «Ufrisert» kan verke litt



negativt, og indikere at naturområde like godt kunne vore ein park. Adjektiv som grøne, ville, naturlege eller liknande fremmer betre verdiane som ligg i naturområde våre.

Det er ei svak skildring av koplinga mellom reiseliv og landbruk i dette kapittelet og planen generelt. Tek Klepp kommune ei aktiv rolle i utviklinga av «landbruksreiseliv» og anna næring? Næringane grip i kvarandre, spesielt innan reiselivet. Det hadde vore naturleg å samkøyre landbruksavdelinga med næringssjefen i Klepp kommune når det kjem til reiseliv.

Når det gjeld «Inn på tunet» saknar me ei omtale av at det ikkje berre er samfunnsnyttig og verdfullt for brukarane, men også ei inntektskjelde for landbruksføretaka.

Me saknar elles litt meir fokus på lokalmat/kortreist mat. Det kjem ikkje fram i planen kva statusen er (kor mange ysteri, kjøtforedling, anna foredling), noko som er litt overraskande i og med det er ei rekke kreative og nyskapande bønder og matforedlare i Klepp kommune. Det er berre så vidt omtala i sjølve plandokumentet, medan det er nokre fleire punkt i handlingsdelen knytt til å heie fram og informere om lokal foredling og gardsbutikkar mv.

#### Kulturlandskap

I fyrste avsnitt kunne det vore presisert at hogst av skog for omdisponering til beite eller dyrka mark også kan føre til auka konflikt med vilt, samt få fram at skog og beite ikkje berre er viktige for dyre-, plante- og fuglelivet, men også viktige viltkorridorer.

Under tema kulturlandskap kunne kanskje utfordringane med masseyllingar i landbruksområde vore nemnd. Me kan ikkje sjå at dette tema er adressert i planen i det heile? Me ser at det er forslag til føresegner for masseyllingar i kommuneplanen si arealdel. Men om landbruksplanen skal ha ei funksjon i form av å rettleie til dømes bønder som skal gjøre tiltak, kunne det med fordel vore omtala og presisert også her kva som er søknadspliktige tiltak og kva regelverk som gjeld, til dømes gjennom ein faktaboks eller lenker.

#### Vilt og jakt

Klepp kommune husar ei rekke sårbare og fåtalege hekkefuglar, inkludert andefugl. Kommunen har også fleire internasjonalt viktige overvintringsområdar for truga ender og gjess. Det må difor takast særleg omsyn til truga og fåtalege arter ved jakt på andefugl i Klepp kommune. Utarbeidning av ein forvaltningsplan for grågås vil kunne forenkle forvaltningsarbeidet av arten. Jakt på andefugl vert regulert av lov om jakt og fangst av vilt (viltlova) m/ forskrifter og eventuelle verneføresegner, medan viltforskrifta er relevant for gjess når det gjelder skadefelling.

#### Slik gjer me det

Kommunen har ein strategi om å vere positive til nydyrkning der dette ikkje kjem i konflikt med naturmangfaldet eller andre naturverdiar. Me vurderer dette å vere i motstrid med ei utfordring som blir adressert i kapittel 3.2, nemleg at Klepp kommune i praksis ikkje har «*stort meir areal å dyrka utan at det går på kostnad av viktige naturverdiar.*» Har kommunen ein positiv eller restriktiv tilnærming til nydyrkning? Me vil føreslå ein endring i ordlyden til noko liknande dette:

«Me vil vege behovet for nydyrkning om mot natur- og kulturlandskapsverdiar. Det vil framover vere naudsynt å vere særleg restriktiv ovanfor restarealet i området med stekt preg av intensiv drift.»

#### Natur og klima

Det er mange og viktige utfordringar som blir omtala i dette kapittelet. Me har følgjande innspel:



## Naturmangfald

Innleiinga her har med ei nasjonal og internasjon bekymring knytt til reduksjon i dei pollinerande insekta som humler og bier. Me føreslår at det blir presisert at det er dei ville pollinerande insekta som mellom anna humler og villbier som forsvinn frå kulturlandskapet. Dette for å unngå at villbier blir veksle med honningbier.

I siste avsnitt under «Naturmangfald» blir utfordringar for bakkehekkande fugl omtala, og det blir synt til kråke, måker, rev, grevling og mink. Avsnittet vidarefører feiloppfatninga om at bøndene ikkje har noko ansvar eller påverknad på bakkehekkande fugl. Populasjonsdynamikken her er kompleks, og bonden er korkje vipa si «frelsar» eller «fiende». Det me kan sei med sikkerheit er at bruken av landskapet påverkar artane både positivt og negativt i samspel med ei rekke eksterne faktorar (rovdyr, jakt i utlandet, klima mv). Ei nyansert tolking av vipa sitt behov basert på områdekartlegging og kunnskap om arten blir stadig viktigare, som understreka av Artsdatabanken si re-evaluering av vipa til status «kritisk truga» i 2021. Statsforvaltaren si spørjeundersøking (2022) viser at det store fleirtalet av bøndene i Rogaland har eit godt forhold til vipa, og Statsforvaltaren har som mål å ivareta vipa som ein prioritert art i fylket. Alle parter ønskjer å fremme arter, og den beste framgangsmåten vil være gjennom samarbeid og forståing frå alle involverte partar. Me føreslår difor ein alternativ tekst:

«Vipa si utbreiing følger landbruket og fuglen har vore ein karakter-art for Jæren over mange generasjoner. I Klepp vert areala drivne intensivt, og har eit av dei høgaste tala vipe i heile Rogaland med eit årleg gjennomsnitt på 12,7 vipe-par per kvadratkilometer jordbruksareal. Vipa er likevel i tilbakegang, både nasjonalt og i Klepp. Samspelet mellom faktorane som påverkar bakkehekkande fugl er kompleks. Klima-endringar og forstyrring under trekk blir nemnt, men det er særleg dei direkte synlege faktorane som predasjon frå blant anna kråke og katt, og øydelegging av reir under jordarbeid som har vore sterkt omdiskutert. Eit mosaisk teigbilde med vekselvis ekstensivt og intensivt drifta mark, og med innslag av våtmark, bidreg til å fremme fuglelivet. Vidare kartlegging av truga artar sitt behov og ein fortsetting av den eineståande innsatsen frå kvar enkelt bonde gjennom blant anna markering av reir og vipedisk, vil være med på å ivareta bestandar av kritisk trua bakkehekkande fugl.»

## Vatn og vassdrag

I den første setning her kunne det med fordel vert supplert med (understreka tekst) «*Tett husdyrhald med mykje husdyrgjødsel og intensiv drift...*».

Kantsoner langs vassdrag er omtala her, men som nemnd saknar me ei kopling mot føresegne og verkemidla kommunen vil nytte til å sikre desse. Her, som under tema kulturlandskap og etterlysing av tematikken masseyllingar, vil me presisere at om landbruksplanen skal ha ei funksjon i form av å rettleie og opplyse til dømes bønder som skal gjøre tiltak, kunne det med fordel vore omtala og presisert også her kva som er søknadspliktige tiltak og kva regelverk som gjeld for tiltak i/nær vassdrag, gjennom faktaboks, lenker til lov-/regelverk eller liknande.

## Klimautfordringar i landbruket

Det er positivt at kommunen har delteke i forskingsprosjektet om Klimarisiko i landbruket (UNCHAIN) og fått laga ein eigen rapport «Analyse om klimarisiko i landbruket i Klepp kommune».

Det ville vore naturleg å omtala regenerativt landbruk under dette delkapittelet. I regenerativt landbruk står det å optimera fotosyntesen og karbonbinding sentralt, og bidreg dermed å lette på



klimaavtrykket i landbruket.

Under tredje avsnitt der jordstruktur med vidare er omtala, kunne det vore supplert med ein setning om myr si karbonbinding, til dømes slik: «Kvar kvadratmeter med myr inneholder om lag 50 kg med karbon. Å ivareta attverande myreal som karbonlagrar i jorda bidrar i kampen mot klimaendringane.»

Skogområde og naturprega område er viktige biotopar for naturmangfaldet, og bidreg også til karbonbinding og vassfordryging i biomasse og jordsmonn. Me saknar strategiar for å auke kunnskapen om betydninga av desse områda, samt ivaretaking av dei, eksempelvis:

- Me aukar kunnskapen om skogen sin betydning for biologisk mangfald, karbonbinding og vassfordryging
- Me oppmodar og stimulerer til å ivareta skogen for biologisk mangfald, karbonbinding og vassfordryging.

Slik gjer me det

Siste kulepunkt under «Viste du at?» omtalar kråker, måker, rev og grevling som fiendar til bakkehekkande fugl. Me syns teksten er lite nyansert og informativ og at omgrepene «fiendar» er eit dårlig ord til å skildre tilhøva i naturen. Me har forslag om å bytte denne faktaopplysninga ut med følgjande opplysning om vipa, jf. vårt innspel under «Naturmangfald» om vipa:

«Kartlegging viser at Klepp kommune har eit gjennomsnitt på 12,7 vipe-par per kvadratkilometer jordbruksareal – eit av dei høgaste tala i Noreg!»

### Handlingsdel

Det er positivt at det er ein handlingsdel slik plan- og bygningslova føreset, og at denne skal reviderast årleg. Det går også fram at landbruksavdelinga skal loggføre all aktivitet knytt til dei ulike tiltaka. Det er mykje godt i handlingsplanen, og me har berre nokre få konkrete innspel til handlingsdelen:

De ynskjer å gjennomføre mange gode tiltak for å følgje opp strategien for å ivareta skogområda. Desse kan gjerne supplerast med å gjere kjend skoglova og foryngingsplikta.

Elles saknar me «Inn på tunet» og reiseliv i handlingsplanen. Lokalmat og kortreist mat er ført opp med tiltak, men utan noko målsetting. Det same gjeld økologisk og regenerativ landbruk. Utan klåre mål, helst i tall, om kva kommunen vil oppnå, er det vanskeleg å nytte planen som styringsverktøy. Produksjon av økologisk mat var til dømes eit punkt med svak måloppnåing i førre landbruksplan, jf. evalueringa. Det går fram av pkt. 1.5 i planen at dette då skal ha eit særskild fokus i ny, revidert plan.

Elles kan med fordel «Tilskot til drenering» leggjast inn under punkt E.3.4 i handlingsdelen.

### Kommunale retningsliner SMIL- og NMSK-ordningane

Av di desse to ordningane er eigne ordningar der Statsforvaltaren ville ha gitt uttale uavhengig av landbruksplanen, følger litt meir konkrete tilbakemeldingar på desse to vedlegga:

#### **Tilbakemelding på forslag til SMIL-strategi:**

Etter ein gjennomgang av forslaget dykker, har me følgjande innspel:



### Miljøutfordringar i Klepp (s. 3)

*Næringsinnhaldet i vassdrag i kommunen er høgt. Avrenning av næringsstoff til vassdraga er eit problem.*

Dette bør endrast til:

Næringsinnhaldet i vassdrag i kommunen er høgt. Avrenning av næringsstoff frå mellom anna gjødsling med mye husdyrgjødsel til vassdraga er eit problem.

### Kulturlandskap (s. 6)

*Nye steingardar, kan berre støttast, der dei er grensegjerde.*

Kommentar

SMIL er eit restaureringstilskot for kulturminne. SMIL til oppføring av nye steingardar er utanom særlege høve, og fell ikkje innanfor SMIL-ordninga.

### Anna (s. 8)

#### Dekke/tak over eksisterande gjødsellager

*Føretak kan og få tilskot til dette frå Innovasjon Norge. Tilskot frå SMIL-ordninga kan bare behandlast etter at Innovasjon Norge har behandla søknad for same tiltak. Samla offentleg tilskot kan maksimal være på 35 % av godkjent kostnadsoverslag og maksimal kr. 100 000,-.*

Kommentar

Satsane i tilskot til dekke over eksisterande gjødsellager frå Innovasjon Norge kan variere frå år til år. For 2022 er satsen pr tiltak auka frå kr. 100 000 til kr. 200 000,-. Statsforvaltaren sin tilrådde sats frå SMIL blei difor justert til kr. 50 000,- pr tiltak.

Me føreslår å endre tekst (side 8) og prioriteringstabell (side 10) for dekke over eksisterande gjødsellager til:

SMIL-sats til dekke over eksisterande gjødsellager følgjar Statsforvaltaren sine årlege tilrådingar.

### **Tilbakemelding på forslag til NMSK-strategi 2022-2026:**

De har gjort eit fint arbeid med NMSK-strategien og det skildrar utfordringar og satsingar godt.

Prioriteringane dykkar stemmer godt overeins med utfordringsbiletet, og tilskotssatsane ligg på eit nivå som kan vere passande for å løyse ut aktivitet.

Innleiingsvis nemner de leplantinga si rolle i kulturlandskapet. Me vil minne om at leplanting er utanfor det me kallar skog og skogmark, og dermed utanfor skogbrukslova. Leplanting fell difor også utanfor NMSK-ordninga, det kan vere greitt å nemne dette i samband med avsnittet om leplanting.

Kommentar til «Prioritering og stønadsnivå 2022-2026»

De differensierer på satsen mellom planting av barskog og lauvskog. Enkelte stader kan det vere utfordrande å få opp lauvskog på grunn av vind og salt-råk. Når tilskotssatsen er så høg kan det oppstå situasjonar der skogeigar ynskjer å plante lauv sjølv om det ikkje er eigna. Det kan dermed vere naudsynt med meir rettleiing og oppfølging av skogeigar, slik at det blir planta riktig treslag på riktig stad ut frå ver, klima og bonitet på staden for å unngå at ein gjennomfører tiltak som ikkje vil bli noko av. Ein moglegheit å er plante meir vind- og saltålande bartre i forkant, og lauvtre i bakkant.

Å bevisstgjera skogeigaren om skogen sin verdi er ein god strategi, og det kan gjerast på ein god måte gjennom ein skogbruksplan slik de nemner. Det finst eigen tilskotsordning for skogbruksplanlegging der enkeltkommunar blir taksert gjennom større takstprosjekt. Takstprosjekta blir rulla ut i samsvar med Hovudplan for skogbruksplanlegging. Statsforvaltaren tek initiativ og administrerer ordninga. Slik me ser det er det dermed ikkje behov for tilskot til skogbruks-planlegging gjennom



NMSK, og me kan heller ikkje sjå at NMSK-forskrifta opnar for å gi slik tilskot gjennom NMSK. Me oppmodar difor til ta ut delen om tildeling av tilskot til skogbruksplanlegging. Generelle informasjonstiltak om skogbruksplan kan likevel vere med under «Andre tiltak», og er eit godt initiativ.

Det er bra at de har med eit eige punkt om miljøtiltak og har eit bevisst forhold til dette.

### Avslutning

Me vil igjen rose Klepp kommune for å setje landbruket på dagsorden gjennom ein eigen temaplan, med dei moglegheiter og utfordringar landbruket i kommunen står ovanfor framover. Planen er eit godt dokument kommunen kan vere stolt av, og med nokre justeringar etter høyringsrunden vil han bli ennå betre. At kommunen planlegg å bruka planen aktivt, loggføra aktivitetar, revidera handlingsplanen årleg og evaluera måloppnåinga lover godt.

Me ønskjer kommune lukke til med siste innspurt, og ikkje minst med oppfølging av mange gode tiltak frå handlingsprogrammet i tida framover.

Vidare ser me fram til ein konstruktiv kommuneplanprosess i eige prosessuelt spor.

Om det er behov for nokre avklaringar innanfor tema der Statsforvaltaren har sektoransvar, er det berre å ta kontakt.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)  
statsforvalter

Geir Skadberg  
landbruksdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger